

## EMNERAPPORT

Emnekode: MEDEPI	Semester:	Institutt:				
Emnetittel: Spesialkurs i epidemiologi	Vår 2012	Inst. For samfunnsmedisin				
Emneansvarlig: Anne Kjersti Daltveit	Godkjent i:					
Dato: 14.08.2012	Faggruppe for epidemiologi v/leder					
INNLEIING:						
<p>Kurset er obligatorisk for profesjonsstudiet i medisin og masterstudiet i farmasi. I tillegg deltek eit fåtal studentar frå andre program. Antal studentar er rundt 70 i haustsemesteret (medisin) og rundt 100 i vårsemesteret (medisin+farmasi).</p>						
STATISTIKK:						
Mengde vurderingsmeldte studentar: 70-100		Mengde studentar møtt til eksamen: 67				
Karakterfordeling ->:	A:	B:	C:	D:	E:	F:
Eller ->:	Bestått: 67 (gjeld medisin)			Ikkje bestått: 0		
SAMANDRAG AV STUDENTANE SI EMNEEVALUERING (hovudpunkt):						
<p>Studentane synes at førelesningane lett blir for teoretiske, med mykje ny kunnskap og deltaljar som skal fordøyast på kort tid, og med mange gjentakningar av eksempel. Gruppeøvingane får god evaluering.</p>						
EMNEANSVARLEG SI EVALUERING:						
<ul style="list-style-type: none"><li>• Praktisk gjennomføring: Gjennomføring av undervisninga var utan problem, bortsett frå at ei gruppe vart ramma av streik siste dag med gruppearbeid. Sensur vart utsett på grunn av streik.</li><li>• Karakterfordeling: Alle gruppene besto eksamen.</li><li>• Oppfølging frå tidlegare evalueringar: Vi har endret utval av artikkelar som vi gjennomgår.</li><li>• Studieinformasjon: Denne var lagt ut på nettportal.</li><li>• Litteraturtilgang: Viktige dokument for gruppearbeida vert kopiert opp i forkant, førelesningane vert lagde ut på nettportal.</li><li>• Lokale og utstyr: Når studenttalet er over 75 (vårsemesteret) er vi avhengige av å bruke større auditorium, dette er mindre attraktivt enn eit lite auditorium. Det er vanskeleg å skaffe mange nok grupperom i det aktuelle tidsrommet (13-15), spesielt i vårsemesteret.</li><li>• Utplassering/felt (viss relevant):</li></ul>						

- Endringar gjort undervegs: Ingen endringar i løpet av kurset.

#### MÅL FOR NESTE EVALUERINGSPERIODE - FORBEDRINGSTILTAK:

Vi må ta høgde for at dette er 3. års studentar og ikkje 5. års studentar som ved tidlegare kurs. Vi bør ha en gjennomgang av dei artiklane vi går igjennom i gruppearbeidet og eventuelt forenkle gruppearbeidet. Det er også eit poeng at for farmasistudentane (ca 30 stk. deltek på vårkurset) må gruppearbeidet passe til deira bakgrunn. Førelesarane må koordinere bruk av eksempel. Vi må vurdere rekkefølge på ein del tema (design).

Når det gjeld eksamen må vi sørge for betre kontroll med at arbeidsmengda på eksamen er passe stor.

Vårkurset i uke 20 er ofte i 17. mai veka, dette er uheldig for eit lite kurs som berre går over ei veke.